



www.g-kultur.no

Oslo, 17.8. 2016

## P R E S S E M E L D I N G

### **Driv du kulturaktivitet knytta til Gudbrandsdalen har du sjansen på ny**

Stiftinga G-Kultur har søknadsfrist **1. september** for stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen.

G-Kultur har avgrensa med midlar til utdeling, og søkarar blir derfor oppfordra til å sette seg inn i retningslinjene for stønad. Det er styremøte i G-Kultur 18. september, og svar på søknad kan ventas i løpet av seinast 14 dagar etter at søknaden er behandla på styremøtet.

#### **Årets satsing 2017, lokalhistoriske tidsskrift og publikasjonar:**

G-Kultur har avsett midlar til «Årets satsing 2017», der vi prioriterer stønader i form av arbeidsstipend for arbeid med artiklar til lokalhistoriske tidsskrift og publikasjonar.

Det vil bli utarbeidd eigne retningslinjer for satsinga, som interesserte kan få tilsendt ved å vende seg til ein av kontaktpersonane som er nemnd nedanfor.

Søknadsfrist for stønader frå denne satsinga er **1. februar 2017**.

#### **Kontakt for meir informasjon:**

Knut Hovslien, styreleiar    knut.hovslien@online.no, 9719 5148  
Kjell Austin, sekretær    kaustin@online.no, 4150 9460  
Lars Ole Ørjaseter, kasserar    lars.ole.orjaseter@gmail.no, 9085 9406

---

### **Stiftinga G-Kultur**

Stiftinga G-Kultur forvaltar midlane etter Gudbrandsdalslaget i Oslo som vart nedlagt i 2013, og har som formål å gje økonomisk stønad til kulturaktivitetar og kulturverksemd med tilknytning til Gudbrandsdalen. Stønad blir gjeve både til amatørar og profesjonelle innan skapande og utøvande verksemd. Det blir teke ekstra omsyn til prosjekt og tiltak som har barn og unge som utøvarar og/eller målgruppe.